



Fredrik Rustad Johnsen
Mykkeltveitvegen 147
5707 Evanger

Dykkar ref.

Vår ref.

26/6856 - 8

Dato

31.07.2026

Saksnr.	Utval
77/26	Utval for kultur og næring

Vedtak: Konsesjon på erverv av fast eiendom - gbnr. 400/1 - Mykkeltveitvegen 150

Voss herad har motteke dykkar søknad 07.07.2026, og har registrert brevet i sak: 26/6856 .

Tiltak: Konsesjon

Eigedom: Gbnr: 400/1

Søkjar: Fredrik Rustad Johnsen og Kaja Jun Illum Kiberg

Vedtak:

Voss herad gjev med heimel i konsesjonslova §§ 1, 2, 5, 9 og 11 konsesjon til Fredrik Rustad Johnsen og Kaja Jun Illum Kiberg for overtaking av Mykkeltveit, gnr/bnr 400/1.

Følgjande vilkår ligg til grunn for løyvet:

1. Konsesjon vert gjeve på vilkår av at eigedomen kjem på same eigarhand som hovuddriftseininga, slik at eigedomane smeltar saman til ei driftseining. Vilkåret er heimla i konsesjonslova § 11.
2. Det er eit vilkår at grenser for gnr/bnr 400/5, 400/11, 400/13 og 400/14 vert avklara. Om nødvendig må søkjarane reisa sak for jordskifteretten dersom dette ikkje let seg ordna på anna vis innan eit år. Vilkåret vert stilt med grunngjeving i formålsparagrafen i konsesjonslova §1 «...oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet.» Brukarane skal vera medvitne om kva som høyrer til eigedomen.

Vedtaket etter konsesjonslova kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må framsetjast skriftleg til heradet seinast tre veker etter at melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Eventuell klage vert handsama av statsforvaltaren.

Saksutgreiing

Lovgrunnlaget:

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv..
Vilkår er gjeve med heimel i Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. § 11.

Informasjon om saka:

DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Søknad
Gåvebrev
Gardskart

FAKTA OM SAKA:

Eigedomen er underlagt konsesjon ved overdraging ut or nær familie, jf konsesjonslova § 5.

Etter opplysningar frå gardskart har Mykkeltveit 14,9 da fulldyrka jord, 4,3 da innmarksbeite, 710,7 da produktiv skog, 1 341,7 da anna markslag, 4 da bebygd areal og 27,2 da ikkje klassifisert areal, totalt for eigedomen 2 102,8 da. Det fylgjer med støl og stølshus på Mykkeltveitstølen.

Innanfor konsesjonseigedomen sine yttergrenser ligg det fire eigedomar som ikkje er rett presentert i matrikkelkartet, og ligg inne med fiktive grenser. Dette gjeld eigedomane Vetahytta gnr/bnr 400/5, Solhaug 400/11, Vetabu 400/13 og Vetastølen 400/14.

Avtalt kjøpesum er kr 0,-, det vil sei at eigedomen vert gjeven som gåve. Føresetnaden er at overdragar får personleg og livsvarig bruksrett til heile eigedomen. Det føreligg ikkje verditakst i søknaden. Eigedomen er bebygd og har meir enn 500 da produktiv skog og er såleis underlagt priskontroll, jf konsl § 9 a.

Søklarane eig frå før landbrukseigedomen Mykkeltveit, som består av gnr/bnr 400/2, Kyrkjeteigen gnr/bnr 400/3 og Høgabu, gnr/bnr 400/8. Dei fekk konsesjon og overtok eigedomen i 2023.

Det er oppgjeve i søknaden at drifta i dag er grasproduksjon og vedlikehald av kulturlandskapet. Søklarane planlegg å halda fram med dette saman med sauehald frå og med i sommar og på sikt også geitehald. Dei har to års erfaring med grasproduksjon og sal av ved. Deler av den dyrka jorda på gnr/bnr 400/1 og all dyrka jorda på 400/2 er leigd ut til Hernes gnr/bnr 402/2. Opplysningane er henta frå søknadssystemet for produksjons- og avløysartilskot.

I tunet er det våningshus og driftsbygning. På Nyestølen er det to stølsbygningar som høyrer til bruksnummer 1. Det står også eit sel nærare Geitalihaugen som høyrer til konsesjonseigedomen. Bygningsopplysningane er henta frå matrikkelen.

Det føreligg ikkje skogbruksplan.

Eigedomen er med i Evanger sør hjortevald.

Grunngjeving

Vurdering/drøfting:

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet. Dette blant anna for å tilgodesjå framtidige generasjonar sine behov, landbruksnæringa, omsynet til busetjinga, behov for utbyggingsgrunn og omsynet til miljø, naturvern og friluftsinteresser.

Etter konsesjonslova §§ 9 og 9a skal det ved vurdering av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling, om søkjaren kan sjåast på som skikka til å driva eigedomen, driftsmessig gode løysingar, busetjinga i området og omsynet til samla ressursforvaltning og kulturlandskap.

Vilkår

Etter § 11 kan ein setja dei vilkår som er nødvendig for å fremja føremålet til lova.

Søknaden har vore vurdert etter konsesjonslova §§ 1, 2, 5, 9 og 11, M-1/2021 (*Konsesjon, priskontroll og boplikt*) og M-2/2021 (*Driveplikt, omdisponering og deling etter jordlova*).

Ervervarane søkjer om konsesjon fordi dei ikkje er i slekt med seljar, jf konsesjonslova § 5, fyrste ledd nr. 1.

Eigedomen er bebygd og har meir enn 500 da produktiv skog, og er difor underlagt prisregulering. Kjøpesummen er kr. 0,- og heradet har valt å ikkje gjennomføra priskontroll. Noverande eigar gjev eigedomen i gåve til søkjarane under føresetnad av at han får personleg og livsvarig bruksrett til heile eigedomen, og at bruksretten vert tinglyst. Heradet har ikkje merknader til dette, då søkjarane eig naboeigedomen og oppfyller vilkårsfesta buplikt på denne. 400/1 vert tilleggsjord til 400/2, og spørsmålet om buplikt er ikkje aktuelt. Gnr/bnr 400/2 var også delt ifrå 400/1 i 1848, det vil då sei at dei to eigedomane no kjem saman att som ei driftseining når 400/1 vert overført til, og tinglyst på søkjarane. Det vert også sett som eit konsesjonsvilkår.

Det er oppgjeve i søknaden at drifta i dag er grasproduksjon og vedlikehald av kulturlandskapet. Søkjarane planlegg å halda fram med dette saman med sauehald frå og med i sommar og på sikt også geitehald. Dei har to års erfaring med grasproduksjon og sal av ved. Heradet si vurdering er at driveplikta etter jordlova § 8 er ivareteken, og det er ei driftsmessig god løysing at dei to bruka vert slått saman att til ei eining og drive ilag.

Konsesjonslova § 11, fyrste ledd seier at: «*Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme.*»

Rundskriv M-1/2021 seier at vilkåret må vera sterkt ynskjeleg, og det må vera klart at vilkåret gjev eit betre resultat ut frå lova sitt formål enn det ein oppnår ved å lata vera å setja vilkåret. Vilket må ha sakleg samanheng med lova sitt formål og dei omsyna som er relevante i saka. Vilket må også vera forholdsmessig sett opp i mot det som vert oppnådd gjennom løyvet. Vilket må også utformast slik at konsesjonssøkjaren har høve til å gjennomføra det, og slik at landbruksmynde har høve til å kontrollera det. Vilkår kan ha ulik tidshorisont, og det har betydning for landbruksmynde sitt handlingsrom når det skal setjast vilkår.

Eigarane skal vera medvitne om kva som høyrer til eigedomen, og eit mest mogleg rett matrikkelkart er med på å bidra til god og rettviss forvaltning. Heradet har eit ansvar for å vera presis i vår sakshandsaming av eigedom. Samstundes kan det vera ressurskrevjande å klarleggja eigedomstilhøve.

Innanfor konsesjonseigedomen sine yttergrenser ligg det fire eigedomar som ikkje er rett presentert i matrikkelkartet, det vil sei at dei ligg inne med fiktive grenser. Dette gjeld eigedomane Vetahytta gnr/bnr 400/5, Solhaug 400/11, Vetabu 400/13 og Vetastølen 400/14.

For desse eigedomane finst det skylddelingsdokument som er tilgjengelege, og heradet si vurdering er at det ikkje vil vera eit uforholdsmessig tyngande vilkår sett opp imot fordelane ved å få klarlagt eigedomstilhøva og få retta matrikkelkartet. Søkjarane har også opplyst om at dei er i gang med arbeidet med å kartleggja grensene.

Av omsyn til landbrukseigedomen og til at ervervarane skal vita om kva som høyrer til eigedomen, vert det sett konsesjonsvilkår om retting av matrikkelkartet innan eit år.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i utgreiinga over har Voss herad kome fram til at Fredrik Rustad Johnsen og Kaja Jun Illum Kiberg får innvilga konsesjon med heimel i konsesjonslova §§ 1, 2, 5, 9 og 11 for overtaking av Mykkeltveit, gnr/bnr 400/1.

Gebyr

De må betale eit gebyr på kr. 5000,- for handsaming av søknad etter konsesjonslova, jf. Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2.

Med venleg helsing

Oddbjørg Vestrheim

Tlf: 418 63 058

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

Kopi til

Johannes Mykkeltveit

Mykkeltveitvegen 150

5707

Evanger

Mottakar

Kaja Jun Illum Kiberg

Mykkeltveitvegen 147

5707

Evanger